



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 69/23
Møtedato: 13.06.2023
Journalnummer: 2023/1803

NEDLEGGING AV JUS292-2-A INTRODUCTION TO CHINESE LAW OG OPPRETTING AV JUS2321 INTRODUCTION TO CHINESE CIVIL AND COMMERCIAL LAW

Bakgrunn

I sak 76/22 til fakultetsstyret 27.9.2022 vedtok fakultetsstyret ny modell for engelskspråklege emne ved fakultetet der dei engelskspråklege emna som hovudregel skal finnast i to variantar med ulike emnkodar: Den eine versjonen av emnet skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med bachelornivået i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og den andre versjonen av emnet skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med masternivå i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Som oppfølging av dette vedtaket har dei emneansvarlege for engelskspråklege spesialemne blitt bedne om å utarbeida nye emneskildringar. For emnet Introduction to Chinese Law er det bestemt at det skal gjerast unntak frå hovudregelen om to nivå, og emnet skal berre finnast i éin versjon på bachelornivå.

Undervisar professor MAN Hongjie har utarbeidd emneskildringa som ligg ved, i samarbeid med intern emneansvarleg Bjørnar Borvik.

Som vedlegg følgjer saka slik ho vart presentert for studieutvalet, samt emneskildring.

Handsaming i studieutvalet

Studieutvalet handsama saka i sitt møte den 05.06.2023 og oversender saka til fakultetsstyret med følgjande uttale:

«Studieutvalet oppfordrar fakultetsstyret til å leggja ned emnet JUS292-2-A Introduction to Chinese Law etter studieåret 2022/2023 og i staden oppretta JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law som skal undervisast første gong vårsemesteret 2024, og til å vedta overgangsordning og tal på vurderingsforsøk som skildra.»

Merknader frå dekan og fakultetsdirektør

Dekan og fakultetsdirektør sluttar seg til forslaget frå Studieutvalet.

På denne bakgrunn blir det sett fram følgjande:

forslag til vedtak:

1. JUS292-2-A Introduction to Chinese Law blir lagt ned etter studieåret 2022/2023

[Skriv her]

2. Emnet JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law blir oppretta og skal undervisast første gong våsemesteret 2024.
3. Overgangsordning for studentar som treng å gjennomføra vurdering i gamalt emne JUS292-2-A Introduction to Chinese Law etter studieåret 2022/2023: Ved behov må det holdast kontinuasjonseksamen i gamalt emne JUS292-2-A også hausten 2023.
4. Studentar har tre vurderingsforsøk samla for det gamle emnet emne JUS292-2-A Introduction to Chinese Law i kombinasjon med det nye emnet.

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

05.06.2023
INTØ

Vedlegg:

1. Sak 23/23-6 til Studieutvalet
2. Emneskildring JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law

Nedlegging av JUS292-2-A Introduction to Chinese Law og oppretting av JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law

I sak 76/22 til fakultetsstyret 27.9.2022 vedtok fakultetsstyret ny modell for engelskspråklege emne ved fakultetet der dei engelskspråklege emna som hovudregel skal finnast i to variantar med ulike emnkodar: Den eine versjonen av emnet skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med bachelornivået i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og den andre versjonen av emnet skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med masternivå i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Nokre unntak frå hovudregelen vart vedtekne i styresaka, deriblant at Introduction to Chinese Law berre skal tilbys som eit emne på bachelornivå, i tillegg til at emne vert føreslått flytta frå haustsemesteret til vårsemesteret. Følgjande grunngjeving vert sitert frå styresak 76/22:

Fra emneansvarlig for JUS292-2-A Introduction to Chinese Law (Borvik) har vi fått muntlig tilbakemelding om at dette introduksjonsemnet nødvendigvis vil måtte være såpass grunnleggende at det vil være best egnet på bachelornivå, og uten et tilhørende søskenemne på masternivå. Etter som norske studenter vil ta emner på bachelornivå i vårsemesteret av 3. studieår, bør emnet undervises i vårsemesteret istedenfor i høstsemesteret.

Sjølv om det for dette emnet dermed i utgangspunktet ikkje var snakk om store endringar samanlikna med allereie eksisterande emne, blir eksisterande emne føreslått nedlagt og nytt oppretta slik at emnekoden vil bli i samsvar med dei andre emnekodane på valbare emne. Emneskildringa som ligg ved, er utarbeidd av undervisar professor MAN Hongjie, med støtte frå intern emneansvarleg Bjørnar Borvik. I nytt framlegg til emneskildring er nivået som vert oppgjeve for emnet endra frå master til bachelor og det er gjort justeringar i læringsutbyteskildringa for å sikra at desse er i tråd med føringane i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk som seier at læringsutbyte skal skildrast som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse, og med forventa læringsutbyte tilpassa studentar på bachelornivå.

I samband med gjennomgangen av emneskildringa har ein også sett at det tidlegare emnet tematisk famna særst breitt, og at det nok kunne vera ein føremon å «spissa» emnet litt i staden for å gapa over for mange tema. Kinesisk strafferett er difor teke ut, og det er i staden lagt større vekt på privatrett og handelsrett. Som følgje av denne endringa i innhaldet, blir også namnet føreslått endra frå Introduction to Chinese Law til Introduction to Chinese Civil and Commercial Law. Innholdsendringa der strafferett blir teke ut, høver også godt med at dette no blir eit emne i vårsemesteret på 3. studieår, eit tidspunkt der norske studentar enno ikkje har studert norsk strafferett.

Under pandemien har Introduction to Chinese Law blitt undervest digitalt, og emnet har vore med i UiB sin pilot for virtuell mobilitet¹. Som del av denne piloten blei det lagt til digitale seminargrupper leia av vidarekomne kinesiske studentar, i tillegg til dei digitale forelesingane. No når det igjen er mogleg å reisa mellom Kina og Noreg, vil forelesingane bli haldne fysisk igjen ved at undervisar MAN Hongjie kjem til Bergen. Erfaringane med dei studentleidde seminargruppene er gode, og dette

¹ Sjå sak 58/20 til fakultetsstyret 30.06.2020

[Skriv her]

elementet blir vidareført også i det nye emnet. Læringa frå desse seminargruppene gjeld ikkje berre materiell kunnskap, men òg, slik det er skildra under overskrifta «generell kompetanse», «the intercultural understanding and communication skills with Chinese lawyers», som svarar godt til læringsmåla på programnivå som gjeld internasjonalisering. For å sikra at denne læringa finn stad, er det naudsynt at studentane faktisk deltek på dei digitale og studentleide seminara. Denne undervisninga er difor gjort obligatorisk.

Med unntak av at seminarundervisninga no blir obligatorisk, er arbeidskrav og vurderingsform uendra frå det tidlegare emnet. Vurderingsforma er tre timar skuleeksamen.

Endringane i innhaldet i kurset, i tillegg til at Kina har fått ein ny «Civil Code» etter at boka som til no har vore på pensum vart gjeven ut, gjer det naudsynt å endra litteraturen i kurset. Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt, og litteraturlista i emnet blir difor ikkje lagt fram i denne omgang. Litteraturlista vil i staden bli lagt fram for godkjenning i løpet av haustsemesteret innan fristane som gjeld for litteraturlister for vårsemesteret 2024.

Overgangsordning og tal på eksamensforsøk

§3-2-4 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen (UiB-forskrifta) seier: «Ved nedlegging av studieprogram, studieretninger og emner skal vedtaksorganet fastsette overgangstid for undervisning og vurdering. Studenter som er tatt opp til studieprogram som vedtas nedlagt, har rett til å fullføre dette i samsvar med vedtak om overgangstid. Ved nedlegging av emner skal det normalt avholdes vurdering i emnet i ett eller to påfølgende semestre etter siste undervisningssemester.»

I dette tilfellet vert emnet endra frå å vera på masternivå til å bli utelukkande på bachelornivå, og det vil difor ikkje vera ei eigna løysing at studentar som ønskjer å avlegga eksamen i det gamle emnet i staden blir viste til å ta det nye og justerte emnet. Ved behov må det difor holdast eksamen i JUS292-2-A også hausten 2023. Vi legg likevel til grunn at det er tilstrekkeleg at slik eksamen kun vert tilbydd til studentar som allereie har vore oppmeld, og har delteke i emnet, studieåret 2022/2023 og berre manglar eksamen. Etter som emnet ikkje er obligatorisk for å kunna oppnå graden, vil andre studentar som hadde tenkt å ta emnet i staden kunna velja eit anna engelskspråkleg spesialemne på masternivå.

§ 6-8-1 i UiB-forskrifta seier følgjande om antall vurderingsforsøk: «Ved Universitetet i Bergen gjelder det ordinært en øvre grense på tre vurderingsforsøk for det enkelte emne. Begrensningen i antallet vurderingsforsøk gjelder også dersom emnet har skiftet emnekode, inngår med ulik kode i flere studieprogrammer eller inngår i ny form i et studieprogram i tilknytning til en overgangsordning. I medhald av dette gjeld at studentar har tre vurderingsforsøk samla både for det gamle emnet JUS292-2-A og det nye emnet.

SU uttalar:

Studieutvalet oppfordrar fakultetsstyret til å leggja ned emnet JUS292-2-A Introduction to Chinese Law etter studieåret 2022/2023 og i staden oppretta JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law som skal undervisast første gong vårsemesteret 2024, og til å vedta overgangsordning og tal på vurderingsforsøk som skildra.

Vedlegg: Emneskildring for JUS2321 Introduction to Chinese Civil and Commercial Law - Bachelor

[Skriv her]

Introduction to Chinese Civil and Commercial Law - Bachelor

ECTS Credits

10 ECTS Credits

Level of Study

Bachelor

Full-time/Part-time

Full time

Teaching semester

Spring

Place of Instruction

Faculty of Law, University of Bergen

Objectives and Content

This course is an on-campus course combined with online group discussion seminars with law students from China.

The course will facilitate collaboration and interaction between students from different countries and cultures. In addition to the lectures, there will be seminar groups led by advanced Chinese students from Shandong University School of Law and East China University of Political Science and Law. In the seminar groups, students from all around the world will engage in discussion of relevant topics taught in the course, bringing into the course an important intercultural learning experience, in addition to the learning benefits students normally receive from the course.

The course aims to provide the students with a comprehensive and practical overview of Chinese civil and commercial law and the legal system of China. China is the most populated country with the second largest GDP in the world and is also a very important business partner of Norway and Europe. In the past 30 years or so, China witnessed a dramatic change in every aspect of the society, including a significant change in the legal system. It will be very helpful to the students who are interested in the Sino-European business to have some basic and practical understanding of the current Chinese civil and commercial law. To meet this need of the students, this course will focus on the Chinese legal system, especially civil and commercial law, from both the theoretical and practical approach.

The current Legal system of China is the result of evolution of culture, economy, society, and politics. Even though China is a country with very long history, the modern Chinese civil and commercial can be traced back to the transplantation of western laws. In the beginning of 20th century, facing the crisis of colonization, China began her painful reform of the society and transplantation of modern law, which followed the model of civil law countries such as Japan and Germany. After 1949, the Soviet law casted huge shadow on Chinese law too. And in the past 4 decades, China took the rout of "socialism market economy", to which the rule of law is essential. In order to meet the needs of economy, China introduced civil and commercial law from developed countries and established its current legal system.

[Skriv her]

Like in other civil law countries, Chinese laws are mostly statutory laws. With the constitution as the basis, the legal system consists of department laws such as civil law, commercial law, criminal law, administrative law, labour law, economics law and procedural laws (civil, criminal and administrative), etc.

This course will spend more time on the laws of business in China, i.e., civil law, commercial law, labour law, intellectual property law and economic law, which may be more interesting and useful to the students who would like to understand Chinese law for the trade and cooperation with Chinese enterprises. Meanwhile, the course will give some definition of the situation and hot spots of legal studies and research in China, in order to help those who are interested in the comparative research of Chinese law.

In addition to the static laws, the course will also focus on the functioning of Chinese legal system. The course will provide a brief definition of how the governments, courts and other authority bodies work and how the laws are applied.

Furthermore, the students will be introduced to the field of intercultural understanding and communication skills. Intercultural competence is the capability to acquire targeted knowledge, skills and attitudes that lead to noticeable behavior and communication that are both effective and appropriate in intercultural interactions. The students will develop and practice these skills through online student-led seminar groups where they will discuss relevant topics with classmates from all around the world.

To achieve the goals above, the course is designed to have the following contents:

- A brief introduction to Chinese history, culture, society and economy, transplantation and modernization of Chinese law;
- The organization and function of governmental branches and judicial system;
- Civil law I: General provisions and property law;
- Civil law II: Contract, unjust enrichment, voluntary service;
- Civil law III: Family law and law of succession;
- Civil Law IV: Personality rights and tort Liability;
- Commercial law I: Company law;
- Commercial law II: Banking law, security law, law of negotiable instruments, maritime law;
- Labour Law, social security law, economic law, intellectual property law;
- Civil Procedural law;
- Basic introduction to intercultural understanding and communication skills.

Learning Outcomes

[Skriv her]

By the end of the course, the students will have acquired the following knowledge, skills and competence:

Knowledge

After successfully completing the course students will have a general knowledge of

- the social, economic and historical background of the Chinese legal system;
- the functioning of Chinese governmental authorities, especially court system;
- a basic understanding of the Chinese Civil Code;
- the main functioning of commercial, economic law and IP law in China.

After successfully completing the course, students will be familiar with

- the judicial pathway for dispute dissolution in China;
- the general principles of civil and commercial law;
- the major legal issues concerning doing business in China;
- the protection of Intellectual property in China;
- Identifying and utilizing the legal procedure in the application of Chinese civil and commercial law

Skills

After completing the course, the student should be able to identify, reflect upon, address and formulate a reasoned opinion on issues of Chinese law.

This entails that students must be able to

- identify, and formulate Chinese law issues based on comprehensive and complex fact;
- find and address relevant sources of law in English language, and carry out legal analysis of major Chinese civil law issues based on primary and secondary sources in a balanced way;
- identify sound position through clarification of tensions between different types of arguments that are valid under Chinese civil and commercial law;

[Skriv her]

analyze and make use of the legal framework in the business cooperation with Chinese partners according to Chinese law.

The student must also be able to convey and evaluate legal analyzes and points of view in the Chinese law context through

systematically prepared independent written analyzes;

orally present legal argumentation;

to comment on and evaluate other students' analyzes and to receive and make use of such comments;

to work with others in groups to analyze Chinese civil and commercial law issues

General competence

After completion of the course, students shall have

a broad and accurate understanding of Chinese civil and commercial law;

an insight into the Chinese legal system and its function in the development of the society and economy in the country;

the intercultural understanding and communication skills with Chinese lawyers;

a good starting point to facilitate his/her further study in specific legal issues of Chinese private law;

basic knowledge for conducting comparative study between European and Chinese private law.

Required Previous Knowledge

Two years of law studies

Recommended Previous Knowledge

Good level of English language.

Credit Reduction due to Course Overlap

[Skriv her]

Combined with the former JUS292-2-A Introduction to Chinese Law, this course will generate no credits.

This course combines well with JUS2304/JUS3504 Comparative Private Law and JUS2320 Comparing Legal Cultures in Europe.

Access to the Course

The course is available for the following students:

- Admitted to the five-year Master programme in Law
- Exchange students at the Faculty of Law

The pre-requirements may still limit certain students' access to the course.

Teaching and learning methods

On-campus lectures combined with online seminars

The on-campus lectures will be given during a shorter period instead of during the duration of the semester.

Compulsory Assignments and Attendance

Compulsory attendance in the online seminars.

Forms of Assessment

Three-hour digital school exam. [Information about digital examination.](#)

Exam question: English

Answer: English

Examination Support Material

Support materials allowed during school exam.

See section 3-5 of the Supplementary Regulations for Studies at the Faculty of Law at the University of Bergen.

Special regulations about dictionaries:

According to the Regulations for Studies, one dictionary is permitted support material during the examination. Bilingual dictionaries containing for example both Norwegian-English and English-Norwegian are considered as one dictionary.

Bilingual dictionaries to/from the same two languages - for example Norwegian-English/English-Norwegian - in two different volumes are also considered as one dictionary (irrespective of publisher or edition).

Dictionaries as described above cannot be combined with any other types of dictionaries.

[Skriv her]

Any kind of combination which makes up more than two physical volumes is forbidden.

In case a student has a special need for any other combination than the above mentioned, such combination has to be clarified with/approved by the course coordinator minimum two weeks before the exam. Students who have not been granted permission to have a special combination minimum two weeks before the exam will be subject to the usual regulations (Section 3-5) about examination support materials.

Grading Scale

A - E for passed, F for failed.

Course Evaluation

According to the administrative arrangements for course evaluation at the Faculty of Law.

Course Coordinator

Professor Bjørnar Borvik and Guest Professor MAN Hongjie

Reading Material